
Fra: Anders Hefre <andahefr@hotmail.com>
Sendt: torsdag 19. mai 2022 21:54
Til: Epost Midt-Telemark Kommune
Emne: [EKSTERN] Innspel til "Kommunedelplan for Lifjell 2023-2033 for Midt-Telemark kommune"

FORSIKTIG: Denne eposten kommer fra en avsender utenfor organisasjonen. Ikke åpne vedlegg og klikk på lenker hvis du ikke er sikker på hvem avsender er og vet at innholdet er trygt.

Hei!

Eg skriv dette som privatperson og ein innbyggjar i kommunen som har vokse opp med Lifjell.

På 80-talet heldt gamlegata på Gvarv på å bli rive ned fordi mange tykte den var for gammal, sliten og umoderne. På grunn av lokalt engasjement blei det vedtatt å bevare

gata med bare nokre få stemmer i overtal. I dag er gamlegata noko av det som definerer Gvarv og som gjer det til eit sentrum med identitet og sjel.

Utan samanlikning forøvrig, held nå noko av det samme på å skje med Lifjell. Verdi kan ikkje bare målast i pengar og produktivitet, og for veldig mange har Lifjell,

Krintokleiva og Glekse dei same verdiane. Det definerer Bø og Midt-Telemark, og det gjer oss ein identitet og opplevingar som ikkje endå er øydelagt av kommers og overturisme.

For mange i regionen er dette det viktigaste naturområdet for tilgjengelege turar i høg fjell både sommar og vinter. Det er eit ganske lite område, og tåler ikkje ei storstilt utbygging.

Då vil ikkje Lifjell vere slik me kjenner det lenger. Eg tykkjer òg det er umusikalsk å utvide hytteområdet på Lifjell noko særleg meir nå i lys av hytteopprøret og all misnøyen

som ein kan lese frå hyttekommunane rundt omkring i heile landet. Bø må ikkje bli noko Rauland, eller Trysil, eller Hemsedal. Lat det vere ei skjult perle, lat det vere noko anna.

Som samfunn må me også verkeleg ta grep når det gjeld forbruket vårt av naturressursar. Me byggjer og "utviklar" på høg gir, der kortsiktig økonomisk vinning er einaste tanke bak.

Dette kan ein allereie sjå nok av nede i bygda. La Midt-Telemark kommune setje eit tydeleg eksempel med ei markagrense på Lifjell og ei bevaring av eit unikt natur- og rekreasjonsområde

med ei lang historie bak seg.

Med beste helsing,

Anders Hefre